



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Prop. 28 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2023 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 24. november 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med om lag 1,4 mrd. kroner. Auken har i hovudsak samanheng med høgare utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) i år.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* blir det gjort framlegg om auka støtte til Gaza og dei palestinske sjølvstyremyndigheitene. Det er store behov for bistand grunna krisa i Midtausten. Det blir difor gjort framlegg om å flytte 160,5 mill. kroner frå andre tilskuddsposter på bistandsbudsjettet til naudhjelp og humanitær bistand til Gaza. I tillegg aukar støtta til dei palestinske sjølvstyremyndigheitene med 100 mill. kroner og støtta til Gaza med 100 mill. kroner. Nye overslag tilseier at flyktningutgiftene i Noreg som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir lågare i år enn budsjettet etter revidert nasjonalbudsjett for 2023 (RNB) og det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga.

### 2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

#### Kap. 100 Utanriksdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Delar av denne løyvinga dekker driftsutgifter ved norske utanriksstasjonar. Utanriksstasjonane sine utgifter er i lokal valuta, og kvart enkelt land sin inflasjon. Grunna svak krone mot euro og ein generell høg inflasjon i fleire land, har budsjettåret 2023 vore krevjande for Utanriksdepartementet.

Den pågåande krisa i Israel og Palestina gjer også auka driftsutgifter for Utanriksdepartementet og ved utanriksstasjonane i regionen, for å følgje opp og hjelpe norske borgarar.

Det blir gjort framlegg om å flytte 1,1 mill. kroner frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 50 *Noregs forskningsråd – utanriksområdet*, 19,2 mill. kroner frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 70 *Nordområda. Russland og atomsikkerheit* og 650 000 kroner frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 74 *Forsking, dialog og menneskerettigheter* jf. omtale under desse postane, for å dekke meirbehovet på kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 20,9 mill. kroner.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

I samband med gjennomføringa av det uformelle utanriksministermøte til Nato i Oslo 31. mai–1. juni 2023, blei det løyvt 98,8 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2023 under Utanriksdepartementet sitt budsjett. Rekneskapan viser eit mindreforbruk på 14,4 mill. kroner for gjennomføringa av arrangementet. Mindreforbruket kjem mellom anna frå hotelltjenester og bemanning.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 14,4 mill. kroner.

### *Uforutsette utgifter grunna krisa i Midtøsten*

Det er sær sikkert korleis den pågåande krisa i Midtausten vil utvikle seg framover. Utanriksdepartementet gjer difor framlegg om å kunne bruke delar av denne løyvinga til å dekke uforutsette og akutte meirbehov i samband med krisehandteringa i Midtøsten, til dømes utgifter til evakuering av norske borgarar som ikkje kan handsamast under kap. 100, post 90.

### *Post 90 Lån til norske borgarar i utlandet*

Utanriksdepartementet har i handsaminga av krisa i Sudan og den pågåande krisa i Midtausten gjeve lån til eit større antal norske borgarar enn i eit normalår. Krisa i Midtausten er svært stor i omfang, og arbeidet med å få norske borgarar ut av krigen og heim til Noreg har høg prioritet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner.

## **Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Den offisielle reiseaktiviteten har vore lågare enn forventa i 2023. Fleire av reisene har gått til våre naboland, noko som har gjort at utgiftene blir lågare enn forventa.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

## **Kap. 116 Internasjonale organisasjonar**

### *Post 70 Pliktige bidrag*

Det er eit mindrebehov på posten på 46,3 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at utbetalingane til FN's fredsbevarande operasjonar blir 56,5 mill. kroner lågare enn tidlegare lagt til grunn. Dette

skuldast mellom anna at operasjonen i Mali blir avslutta og aktiviteten i Somalia og Den demokratiske republikken Kongo blir redusert. I tillegg er det også nokre pliktige bidrag som blir høgare enn anteke pga. valutaendringar. Det gjeld m.a. NATO og Nordisk ministerråd.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 46,3 mill. kroner.

## **Kap. 117 EØS-finansieringsordningane**

### *Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast*

### *Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast*

Som følge av ein stor auke i behova til mottakarlanda mot avslutninga av finansieringsperioden for EØS-finansieringsordningane, er det naudsynt for å auke løyvinga på begge postane. Det auka behovet skuldast tiltak som er gjort det siste året for å auke mottakarlanda si absorberingsevne, i tillegg til auka inflasjon og konsekvensar av krigen i Ukraina gjennom blant anna auka byggje- og forsyningskostnader. Ein del av meirbehovet skuldast også ei svekka norsk krone mot euro.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1 069 mill. kroner på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* og 360 mill. kroner på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021*.

## **Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar**

### *Post 50 Noregs forskningsråd – utanriksområdet*

Det blei i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2023 gitt løyving på 1,1 mill. kroner til ekstraordinær prisjustering på posten. Utanriksdepartementet gjer framlegg om å flytta 1,1 mill. kroner frå posten til kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. omtale under denne posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner.

### *Post 70 Nordområda. Russland og atomsikkerheit, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Forseinkingar i prosjektgjennomføringa grunna korona og endringar i prosjektporteføljen fører til at det går mot eit mindreforbruk på posten inneverande år. I tillegg er det fleire prosjekter under tilskotsordninga *Russland* som ikkje kan gjennomførast som planlagt, mellom anna grunna utvik-

linga i Russland etter fullskalainvasjonen av Ukraina. Dette medfører et samla mindreforbruk på posten på 19,2 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om å flytte 19,2 mill. kroner frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 70 *Nordområda. Russland og atomsikkerheit* til kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. omtale under denne posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 19,2 mill. kroner.

*Post 73 Klima, miljøtiltak og hav mv., kan overførast, kan nyttast under post 21*

Noreg bidreg med midlar til sekretariatet for Høg-nivåpanelet for ein bærekraftig havøkonomi (Havpanelet). 1/3 av bidraget finansierast over denne posten som eit spleiselag mellom fleire departement, og 2/3 finansierast over bistandsbudsjettet. Som følge av at fleire av landa i Havpanelet har kome til som bidragsytarar, blir det norske bidraget til Havpanelet lågare enn tidlegare føresett. Utanriksdepartementet gjer derfor framlegg om å føre tilbake 234 000 kroner til dei andre departementa som deltar i det norske spleiselaget. Dette gjeld Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner.

*Post 74 Forsking, dialog og menneskerettigheter*

Det ble i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2023 gitt løyving på 650 000 kroner til ekstraordinær prisjustering på posten. Utanriksdepartementet gjer framlegg om å flytta 650 000 kroner frå posten til kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. omtale under denne posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 650 000 kroner.

### **Kap. 3100 Utanriksdepartementet**

*Post 02 Gebyr for utlendings saker ved utanriksstasjonane*

Dei siste berekningane frå Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU) viser at inntektene på denne posten vil være omtrent 207 mill. kroner i 2023. Grunna at berekningane for 2024 ved ein

feil vart lagt til grunn for framlegget til Revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart framlegget den gongen for høgt. Tala har framleis noko usikkerheit ved seg då visumgebyra betalast i Euro og antal saker kan svinge.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 46 mill. kroner.

*Post 90 Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet*

Utanriksdepartementet har i samband med hand-saminga av krisa i Sudan og den pågåande krisa i Midtausten gjeve lån til eit større antal norske borgarar enn i eit normalår, jf. omtale under kap. 100, post 90 over. Låna vil verte tilbakebetalt over fleire år, men noko av betalinga skjer allereie i år.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 82 000 kroner.

## **3 Programområde 03 Internasjonal bistand**

---

### **Kap. 150 Humanitær bistand**

*Post 70 Naudhjelp og humanitær bistand, kan overførast*

Grunna den alvorlege situasjonen i Midtausten, som kjem på toppen av allereie store behov mellom anna etter jordskjelva i Tyrkia og Syria og intensivert væpna konflikt i Sudan, er det behov for å auke løyvinga til akutt humanitær kriserespons ut 2023. Ei ytterlegare annonsering av naudhjelpsrespons i samanheng med Gaza-konflikten er planlagd.

I 2022 vedtok Stortinget støtte til Ukraina på denne posten. Dette var før Nansen-programmet for Ukraina vart oppretta. Ein del av midlane vart satt av til bistand til Ukraina gjennom EUs sivile beredskapsordning (UCPM) som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) forvaltar. Det vart eit mindreforbruk for denne støtta i 2022 og det ligg også an til eit mindrebehov i 2023. I 2024 vil DSBs støtte gjennom UCPM dekkjast av Nansen-programmet på kap. 159, post 73 *Ukraina og naboland*. Regjeringa gjer framlegg om å kunne omprioritere midlane som ikkje vil bli utbetalt i år, til naudhjelp og humanitær bistand i samanheng med Gaza-konflikten og andre akutte behov.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 260,5 mill. kroner.

### Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

*Post 71 Globale sikkerheitsspørsmål og nedrusting, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å flytte 7 mill. kroner frå denne posten til kap. 150, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* for å auke hjelpen til Gaza.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

*Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast*

Det er enkelte endringar i kontingentutgiftene for 2023, i hovudsak grunna endra valutakurs. Dette gjeld mellom anna utgifter for FN sine fredsbevarande operasjonar og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE).

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 16,3 mill. kroner.

### Kap. 159 Regionløyvingar

*Post 70 Midtausten, kan overførast*

Gaza-krigen og den kritiske økonomiske situasjonen i Palestina kan gi auka grunnlag for stor uro og mogleg kollaps på Vestbreidda. Det blir gjort framlegg om å auke budsjettstøtte til dei palestinske sjølvstyremyndigheitene.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

*Post 71 Europa og Sentral-Asia, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å flytte 95,9 mill. kroner frå denne posten til kap. 150, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* for å auke hjelpen til Gaza. Årsaka er planlagt reduksjon og konsolidering av bistand til landa på Vest-Balkan.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 95,9 mill. kroner.

*Post 75 Afrika, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å flytte 25 mill. kroner frå denne posten til kap. 150, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* for å auke hjelpen til Gaza. Midlane hentas frå Sahel og Madagaskar der det gjenstod nokon uforplikta midler i år.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

### Kap. 162 Næringsutvikling

*Post 71 Matsikkerhet, fisk og landbruk, kan overførast*

Noreg har tatt initiativ til fondet Financing for Agricultural SMEs in Africa (FASA). FASA er et fond som skal gå til risikoavlastning for investeringar i landbrukssektoren i Afrika. Noreg har pådratt seg forpliktande bidrag på 350 mill. kroner fordelt over dei neste tre åra. USA skal bidra med eit tilsvarende beløp. Det norske bidraget må være bundet til fondet. Utanriksdepartementet gjer framlegg om følgande tilsegnsmakt:

«Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2023 kan gi tilsegn om tilskot til Financing for Agricultural SMEs in Africa (FASA, Landbruksinvesteringsfondet) med inntil 350 mill. kroner i perioden 2023–2026 under kap. 162 Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi, post 71 Matsikkerhet, fisk og landbruk.»

### Kap. 170 Sivilt samfunn

*Post 70 Sivilt samfunn, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å flytte 20 mill. kroner på denne posten til kap. 150, post 70 *Naudhjelp og humanitær bistand* for å auke hjelpen til Gaza.

Det blir gjort framlegg om å redusera løyvinga med 20 mill. kroner.

### Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette

*Post 70 Verdsbanken, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner. Dette er siste innbetalinga i perioden for kapitalpåfyllinga til Den internasjonale bank for rekonstruksjon og utvikling (IBRD).

Sjå òg romartalsvedtak XII, pkt. 2, og romartalsvedtak III pkt. 4 Fullmakt til overskriding i Prop. 1 S (2022–2023) for Utanriksdepartementet.

*Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast*

Det er behov for å auke løyvinga på posten grunna valutajusteringar. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner.

*Post 73 Gjeldslette, kan overførast*

Utbetalningar i tråd med vedtatt gjeldsplan vert noko lågare enn budsjettet. Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner.

**Kap. 179 Flyktingtiltak i Noreg***Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Nye overslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet tilseier at flyktingutgiftene i Noreg under desse departementa som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir lågare i år enn budsjettet etter revidert nasjonalbudsjett for 2023 (RNB).

Løyvinga i RNB 2023 var basert på eit planleggingstal på 45 000 flyktingar og asylsøkjjarar til Noreg i 2023, 40 000 av desse får Ukraina. Utlendingsdirektoratets planleggingstal er no redusert til at det vil kome 40 700 til Noreg i år, 36 000 av desse frå Ukraina. Det blir i denne samanhengen vist til nærmare omtale i dei respektive departementa sine budsjettproposisjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 434,3 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Utanriksdepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under Utanriksdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgjande endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 2 486 664 000 til kr 2 507 564 000	20 900 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 139 556 000 til kr 125 115 000	14 441 000
	90	Lån til norske borgarar i utlandet, vert auka med ..... frå kr 360 000 til kr 3 860 000	3 500 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 10 980 000 til kr 5 980 000	5 000 000
116		Internasjonale organisasjonar	
	70	Pliktige bidrag, vert redusert med ..... frå kr 1 525 002 000 til kr 1 478 665 000	46 337 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert auka med.....	1 069 000 000
		frå kr 2 694 000 000 til kr 3 763 000 000	
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert auka med.....	360 000 000
		frå kr 3 002 000 000 til kr 3 362 000 000	
118		Utanrikspolitiske satsingar	
	50	Noregs forskningsråd – utanriksområdet, vert redusert med ..... frå 50 659 000 til 49 600 000	1 059 000
	70	Nordområda. Russland og atomsikkerheit, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , vert redusert med.....	19 200 000
		frå kr 185 838 000 til kr 166 638 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Klima, miljøtiltak og hav mv., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21,</i> vert redusert med .....	1 170 000
		frå kr 6 628 000 til kr 5 458 000	
	74	Forskning, dialog og menneskerettigheter, vert redusert med .....	650 000
		frå kr 30 874 000 til kr 30 224 000	
150		Humanitær bistand	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, <i>kan overførast,</i> vert auka med .....	260 500 000
		frå kr 5 051 289 000 til kr 5 311 789 000	
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid	
	71	Globale sikkerheitsspørsmål og nedrustning, <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	7 000 000
		frå kr 160 060 000 til kr 153 060 000	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv., <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	16 265 000
		frå kr 375 000 000 til kr 358 735 000	
159		Regionløyvingar	
	70	Midtausten, <i>kan overførast,</i> vert auka med .....	100 000 000
		frå kr 544 011 000 til kr 644 011 000	
	71	Europa og Sentral-Asia, <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	95 868 000
		frå kr 522 634 000 til kr 426 766 000	
	75	Afrika, <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	25 000 000
		frå kr 3 014 193 000 til kr 2 989 193 000	
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	20 000 000
		frå kr 2 420 665 000 til kr 2 400 665 000	
172		Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette	
	70	Verdsbanken, <i>kan overførast,</i> vert auka med .....	3 605 000
		frå kr 1 695 418 000 til kr 1 699 023 000	
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast,</i> vert auka med .....	255 000
		frå kr 1 005 551 000 til kr 1 005 806	
	73	Gjeldslette, <i>kan overførast,</i> vert redusert med .....	227 000
		frå kr 413 978 000 til kr 413 751 000	
179		Flyktningtiltak i Noreg	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med .....	434 296 000
		frå kr 4 928 824 000 til kr 4 494 528 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet	
	02	Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane, vert redusert med .....	46 000 000
		frå kr 250 000 000 til kr 204 000 000	
	90	Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet, vert auka med .....	82 000
		frå kr 318 000 til kr 400 000	

II

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2023 kan gi tilsegn om tilskot til Financing for Agricultural SMEs in Africa (FASA, Landbruksinvesteringsfondet) med inntil 350 mill. kroner i perioden 2023–2026 under kap. 162 Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi, post 71 Matsikkerhet, fisk og landbruk.

=====